

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og A fram slikt forslag a):

"Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune med følgjande endringar:

§ 2:

I Hordaland fylkeskommune har vi et geografisk styrt inntak. Det inneber at elevane har rett til å gå på nærskulen sin. For å ivareta elevane sin fridom til å sjølv velja skule, kan dei som ønskjer det sei frå seg retten til å gå på nærskulen sin og søkja seg til andre skular på grunnlag av karakterar dersom dei ønskjer det.

De resterande paragrafane vert innfasa i tråd med prinsippa som er slått fast i § 2."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og KrF fram slikt forslag b):

"§ 19. Nytt punkt (erstattar siste punkt):

Alle søkjarar med opplæringsrett skal ha rett til lære plass."

Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 9 røyster mot 6 røyster (SV, A, Sp) for Oen sitt forslag a).

Oen sitt forslag b) fekk 2 røyster (SV, KrF) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 01.01.2015.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta.